

Fra: Torgeir Andvik <torgeirandvik@gmail.com>
Sendt: tirsdag 17. januar 2023 20:56
Til: Postmottak Alver
Emne: Nabovarsling

Hei!

Det gjeld sak [22/59573](#) - Søknad om frådelling av parsell - gbnr 220/1 Store Urdal

Eg har nyleg fått med meg at det er ei eigedomsoverdraging på gong på Urdal. Eg har ikkje motteke nabovarsel på dette. Eg ser av lista med nabovarslar at det vil vera veldig naturleg at me får høve til å uttala oss, slik som våre naboar får. Eg synes det er merkeleg at verken gards og bruksnummer 220/9 eller 220/11 har fått varsel. I tillegg har ikkje nokon av bruksnummera på gardsnummer 221 fått varsel. Lista over varsel er svært mangelfull, og i fleire samanhengar er ein eller 2 naboar i eit tett område utelatt. T.d. 222/2. Sist men ikkje minst underteikna, 219/2. Det kan ikkje vera tvil om at desse skulle fått varsel. Både på grunn av grenser, men også på grunn av saka sin viktighet for samfunnet. Både lokalt og i større samanheng. Eg reknar med det vert ordna slik at alle på får varsel før saka går vidare.

Mvh.

Torgeir Andvik

219/2